

Sluttrapport

Hyttefolkprosjektet i Øyfjell 2007-2009



Beising av nye oppslagtavler



Lars (4 veker) på sin fyrste dugnad



Glade hyttefolk etter endt saueleiting



Hyttefolk, sauebonde og heimkomne sauer



Nymerkte skiløyper i Øyfjell



Bygdemann og hyttemann, Slåttefesten 2008



Juvreklutkasting på grendehusplassen, Slåttefesten 2008

Sluttrapport Hyttefolk i Øyfjell, Vinje kommune

Prosjektets mål

Målet er å undersøkje og kartleggje den potensielle ressursen som hyttefolk kan vera for vertskommunen. Vidare å finne ut på kva måte hytteeigarar kan integrerast i det lokale nærings- og kulturliv og på den måten bidra med sin kompetanse til utvikling i vertskommunen. Det vil vere viktig å sjå på samhandling mellom bygdefolk og fritidsbuarar og skape gode møteplassar som stimulerer til samhandling og som kan vera med på å skape "det gode liv" i fjellregionen for alle.

Dette skal skje gjennom å:

- undersøkje og kartlegge den potensielle ressurs som hyttefolket kan vere og om dei ynskjer å bidra med kompetanse til utvikling av hyttekommunen
- undersøkje og kartleggje på kva for måtar hytteeigarar kan integrerast i lokalt nærings- og kulturliv og om dei ynskjer det
- gjennomføre tiltak som kjem fram i kartlegginga der dialog og samhandlig står sentralt
- opparbeide erfaring og kunnskap som kan danne grunnlaget for tilsvarande satsingsområde i andre kommunar –informasjonsutveksling med Flå kommune (jf. tildelingsbrev)

Organisering og forankring

* Forankring

Styringsgruppa for fjellregionsamarbeidet i Telemark

Informasjon til Vinje Formannskap

Gjennomført bygdemobiliseringsmøte ved oppstart.

Etablert kontakt med hyttefolk og hytteeigarforeiningar gjennom samarbeid med spørjeundersøkinga.

Gjennomført bygdemøte der resultat av spørjeundersøkinga blei lagt fram for bygdefolk og inviterte hyttefolk.

* Styringsgruppe

Ordførar Arne Vinje, Vinje kommune

Varaordførar Turid Opedal, Tinn kommune

Rådmann Hans Kristian Lehmann, Vinje kommune

Rådmann Rune Lødøen, Tinn kommune

Thronnd Kjellebold, Telemark Fylkeskommune

* Lokal arbeidsgruppe

Ingunn Sørbo, Charlotte Sauer (hytteutbyggjar), Jan Hallgeir Landsverk (hytteutbyggjar) og Terje Johannessen (hytteeigar) i 2007-2008. Ingunn Sørbo, Emilie Asplin, Margit Lognvik og Tonje Orum i 2009.

Prosjektleder Silje Hegg (frå 2008)

Følgjeevaluering: Ingeborg Nordbø, Tinn

Vinje kommune v/ Dorthe Huitfeldt som og har koordinert arbeidet mellom Tinn og Vinje kommunar, samt hatt kontakten med Telemark Fylkeskommune v/ Sylvi Berg Holene.

* Deltaking i ulike fora

Samarbeidsmøte med Telemark fylkeskommune

Samarbeidsmøte med Tinn kommune

Prosjektleder har delteke i nasjonalt nettverk knytt til pilotprosjektstatus og seminar om Hyttefolk.

Prosjektleder deltok på småsamfunnskonferanse i regi av KR.D.

Prosjektleder her delteke i fjellnettverket i Telemark.

Presentasjon i formannskap og kommunestyre i Vinje kommune

Utfordringar

* Prosess og samanhengar med oppnådde resultat

1. Det var vanskeleg å få tak i adressene til hyttefolk, for å kunne sende ut spørjeskjema. Kommunen hadde adressene, men kunne ikkje gje ut desse pga "offentlighetsloven". Då måtte ein vende seg til grunneigarar/utbyggarar, og det var mange adresser me aldri fekk tak i.
2. Det var særskild arbeidskrevjande å lage spørsmåla til spørjeundersøkinga.
3. Val av fagpersonar til gjennomføring av spørjeundersøking: Me mista mykje tid og pengar på ei litt uproff gjennomføring av spørjeundersøkinga, særleg knytt til det datatekniske i samband med registrering av data (sjå Hyttefolk Halvårsrapport 2008, pkt. 3 Avvik, for ei nærare skildring av desse problema). Erfaringa syner altså at det er verdt å bruke litt tid på å sikre seg at dei som skal gjennomføre er kompetente nok ifaget, og har dei naudsynte tekniske reiskapane. Eit tips kan vera å gå til ein høgskule der lærarane t.d. kan føreslå oppdraget som ei bacheloroppgåve for ein flink student. Reiselivstudentar på Høgskulen i Lillehammer har t.d. opplæring i statistikkprogram, og kan gjennom ei bacheloroppgåve få tett oppfølging av erfaren rettleiar i faget.

Kommunikasjon, kontakt med hyttefolk

Det har vore vanskeleg å få kontakt med hyttefolk i Øyfjell. Om lag 100 e-postadresser er samla inn, men til trass for ein svarprosent på 43%, har responsen frå hyttefolk på dei tiltaka me har gjennomført, vore særskild låg. Dette kan ha å gjera med at hyttepopulasjonen i Øyfjell trass alt er liten, samanlikna med t.d. heile Tinn, slik at talet på enkeltpersonar det er snakk om til slutt er ganske avgrensa. Dessutan er dette prosessar som tek tid, og 1 år i tiltaksfasa er slik sett for knapt.

Prosjektlear

Hyttefolkprosjektet i Øyfjell har generelt lidd under ein altfor liten stillingsprosent (17%) for prosjektleiaren. I tillegg har eit prosjektleiar skifte og 3 mnd. fråver av prosjektleiar i 2007 vore uheldig. Dette kan ha vore ein av årsakene til at det har vore vanskeleg å få kontakt med hyttefolk, sidan dei før den noverande prosjektleiaren tiltrådte, hadde 2 ulike personar å forhale seg til. Kontinuitet spelar nok ei rolle her.

Gjennomførte tiltak knytt til målsettinga

* Spørjeundersøking

Spørjeskjema ble laga i samarbeid mellom arbeidsgruppa i Øyfjell, samt andre personar som har kome med innspel til spørsmålsformuleringar og Dorthe Huitfeldt, Vinje kommune. Dette blei kvalitetssikra av følgjeevaluarar Ingeborg Nordbø i Tinn. Spørjeskjemaet inneheldt 20 spørsmål, og det blei sendt ut pr. post til ca. 400 hytteeigarar i Øyfjell. Svarprosent: 43

* Dybdeevaluering

Hyttefolkprosjektet er eit av 11 nasjonale pilotprosjekt som er valt ut til dybdeevaluering, ifbm at KRD har engasjert "Norsk senter for bygdeforskning" til å evaluere småsamfunnssatsinga.

Vi har hatt 2 møte med Bygdeforskning. Prosjektlear har delteke på ei samling.

* Offentleggjing av resultat

Det er laga informasjonsbrosjyre og webside (www.hyttefolk.no) for prosjektet. Sida er lagt ned ved prosjektslutt, informasjon lagt over til Øyfjell Utviklings heimeside: www.oyfjell.no

Det blir arbeidd med ei løysing mot portalen til Rauland Turist.
 Undersøkinga blei offentleggjort på Vinje og Tinn kommunars heimesider.
 Informasjon til kommunestyret.
 Rapporten omtala i Varden si hytteavis nr. 2 (22.mai 2008).
 Vinje kommune si informasjonsavis "Blåmann" har hatt små oppslag på progresjonen gjennom heile prosjektperioden.

Den potensiell ressursen, nokre hovudfunn i undersøkinga

Vi viser til vedlagde rapportar for detaljar.

Deltaking på konkrete område	Øy fjell (tala i parentes angjev potensialet for alle hytteeigarar populasjon –sett under eitt.)
1. Vere mentor for lokal bedrift	7 (17)
2. Sitte i styret for ein lokal bedrift	9 (20)
3. Sitte i råd eller utval for lokal utvikling	5(13)
4. Lære meir om lokal kultur og historie	60 (169)
5. Gjere ein innsats for å utvikle det lokale næringslivet	5(13)
6. Gjere ein innsats for å utvikle det lokale kulturlivet	5(13)
7. Flytte eller etablere eigen bedrift	1(4)
8. Engasjere seg i politisk arbeid	0 (0)
9. Deltaka i lokale nærmiljøtiltak og dugnadsarbeid	27(63)
10. Bidraga til å etablere lokale møteplassar	4(9)

Resultata skulle tilseie at ein kunne få til eit breitt engasjement. Det har imidlertid vore liten interesse frå hyttefolk for faktisk deltaking i aktivitetar knytt til punkta 2,3,5,6,7,8 og 10.

Gjennomført tiltak knytt til punkta 4 og 9.

* Arrangement knytt til "lære meir om lokal kultur og historie" .

Guida turar med kulturelt innhald / lokalhistorie
 Årleg bygdedag med innslag av lokal mat
 Sauesanking saman med lokale bønder
 Arrangert bygdekvevdar i samband med feriar
 Kyrkjekonsert med tradisjonsmusikk i påska

Sett opp 7 informasjonstavler med info om bygdi og lokale arrangement
 Innsamling av e-postadresser for raskt å kunne få ut info til hyttefolk om arrangement ol.

* Arrangement knytt til "deltaka i lokale nærmiljøtiltak og dugnadsarbeid"

Lagt til rette for dugnader knytt til rydding langs vassdrag og stiger og skiløyper
 Lagd kart, merking av turløyper, skilta 5 mil skiløyper, skilting av kulturminne langs vassdraget
 Arbeid med felles fiskekort for heile vassdraget (ikkje ferdig)
 Etablert badeplass
 Starta arbeid med skibuss frå Øy fjell Til Rauland

Hyttefolk etterspurde møteplassar og det er, uavhengig av prosjektet, etablert kunstgalleri med kafé i bygdi.

Kultur- og næring

Hyttefolkprosjektet sitt hovudmål:

"å undersøkje og kartlegge den potensielle ressursen (utover dei reint økonomiske) som hyttefolket kan vera for hyttekommunen, med spesielt fokus på lokalt kultur- og næringsliv".

Me fekk gjennom spørjeundersøkinga kartlagt dette på ein god måte. Tiltaka me har sett i gang på bakgrunn av svara me fekk, har ikkje gjeve nokon tydeleg og umiddelbar vinst i Øyfjell. Me har enno ikkje fått hyttefolk nok på banen til å kunne seie at dei utgjer ein ressurs i eit kompetanseoverføringsperspektiv, som denne undersøkinga har hatt. I eit tradisjonelt kapitaloverføringsperspektiv spelar dei sjølvsagt ei viktig rolle i Øyfjell.

Det blei og spurt om behov for tenester i hyttekommunen innan desse områda:

* Varer og tenester

* Informasjonstiltak

Tilrådingane er i vedlagde rapport.

I "Årsrapport 2009, Hyttefolk i Øyfjell", er oversikt over oppgåver som skal vidareførast etter prosjektslutt.

Samanlikning av bygdene i Tinn og Øyfjell

Me finn ingen spesielle samanfall mellom bygdene i Tinn og Øyfjell, kontra byen i Tinn. Det har ikkje vore noko merkbar forskjell på engasjementet i dei ulike hytteområda i Tinn. Og i Øyfjell har me som sagt hatt liten grad av engasjement. I Tinn har dei hatt bra med engasjement. Denne skilnaden kan skuldast ein mykje større hyttepopulasjon, større stillingsprosent for prosjektleiar (50%), og kontinuitet i prosjektleiinga, dvs at det har vore den same personen å forhalde seg til heile tida.

Samarbeidet mellom Vinje/Tinn og Flå kommune

Gjennomført 2 møte knytt til erfaringsutveksling med Flå kommune. Alle dokument frå spørjeundersøkinga gjort tilgjengelege for Flå kommune.

Konklusjon etter møte nr. 2: det er lite å hente i vårt prosjekt for Flå kommune, men semje om å avslutte samarbeidet knytt til møter, men ha kontakt ved behov.

Vurdering av metodikk

I ettertid kan ein lure på kor fruktbart det var å gjennomføre ei spørjeundersøking i Øyfjell. Det kan tenkjast at ein hadde nytta ressursane betre, og oppnådd eit betre resultat, ved å nytte ein meir kvalitativ metode (spørjeundersøkinga hadde riktig nok kvalitative trekk; opningar for å skrive fritt). Ein kunne då kjapt gått i direkte dialog med menneska i dei ulike hytteforeiningane, og gjennomført samtaler med liknande spørsmålsstillingar som i spørjeundersøkinga. Då ville ein i same slengen oppnådd ein tillit, og direkte kontakt, mellom prosjektet og eit knippe hyttefolk. Desse kunne ha nytta nettverka sine i hyttefelta til å vidareformidle kunnskap om prosjektet, og skaffe ytterlege kontaktar. Det er kanskje meir effektivt å prate direkte med folk når ein er ute etter integrering og deltaking, enn å sende eit massebrev i posten. Ein ville også lettare nådd dei aktive hyttefolka, dei som engasjerer seg, dei som faktisk brukar hytta si mest. Ein slik metode ville naturleg nok stille heilt andre krav til prosjektleiaren og arbeidsgruppa, som då sjølv ville blitt instrumenta i datainnsamlinga. I Tinn er nok nytta av spørjeundersøkinga mykje betre fordi hyttepopulasjonen er såpass mykje større, og me veit at Tinn ikkje ville vore denne forutan.

Avrunding

For at hyttefolk skal kunne bidra i lokalsamfunnet i større grad og på fleire område enn dei gjer no, må dei bli ein meir integrert del av bygdi. Det kan dei kanskje bli på

sikt. I sluttfasa prøvar me å ta nokre grep som gjer at den lokale organisasjonsstrukturen i Øyfjell vert meir synleg, slik at aktivitetstilbodet i bygdi kan gjerast lettare tilgjengeleg for hyttefolk (jmf. Årsrapporten 2009). Denne strukturen byr på møteplassar og gode aktivitetar for store og små. Me håpar me, til trass for vanskar med å nå ut til hyttefolket, kan ha sådd nokre frø, som kanskje kan spire med tid og stunder. Prosessen med å integrere hyttefolk og bygdefolk er naturleg nok tidkrevjande, og evt. resultat av innsatsen vil kanskje syne seg lenge etter at prosjektperioden er over. Me er nøgde med dei tiltaka me har sett ut i livet i sluttfasa av prosjektet, og har tru på at dei vil gjera bygdi meir attraktiv for både hytte- og bygdefolk.

Budsjett:

Budsjettet for heile prosjektperioden er på kr. 600.000,-. Kwart års budsjett er lagt opp til eit forbruk på 1/3 av totalbudsjettet. Det vil derfor vere avvik i høve til det einkilde års poster. Det har blitt lagt opp til eit meir detaljert budsjett for tiltaksdelen av prosjektet. Kostnadene til post 2, følgjeevaluering har blitt større enn berekna. Dette heng saman med at Øyfjell ynskte tilleggsspørsmål til spørjeundersøkinga.

Vedlegg

Ingeborg Nordbø: Hyttefolk= nyttefolk? Hovedresultater frå rapporten

Ingeborg Nordbø: Hyttefolk = nyttefolk? Resultater frå spørreundersøkelsen blant hyttefolk i Tinn kommune og Øyfjell, Vinje kommune høsten 2007

Silje Hegg: Årsrapport 2009, Hyttefolk Øyfjell

Årsrapport 2009, Hyttefolk Øyfjell

Planlagt utført	Utført mars 2010
<p>Heimeside: Jobbe fram ei mogleg løysing for Øyfjell innanfor rammene av den nye portalen på Rauland. Det er ikkje sikkert at dette er den rette løysinga for Øyfjell, men det må me finne ut. Kva ein kan gjere med dei innsamla e-postadressene skal også vurderast i samband med dette.</p>	<p>Eit møte med Øyfjell Utvikling, delar av næringslivet i Øyfjell og webredaktøren for den nye portalen på Rauland er gjennomført. Signala er positive, men mykje jobb gjenstår. Jobben med å bygge opp Haukeliportalen startar i april, og fleire bitar vil då falle på plass i høve til den totale finansieringa av portalprosjektet. Etter dette vil det vera naturleg å ta ein runde til på korleis ein evt. Øyfjellportal kan finansierast.</p> <p>Dersom det ikkje vert noko ny side kan avtroppande prosjektleiar i Hyttefolkprosjektet/Øyfjell City lære bort redigeringsvertøyet til nokon i Øyfjell som så må drifte den noverande heimesida vidare på dugnad.</p> <p>Når det gjeld e-postadressene vert desse sendt over til Øyfjell Utvikling. ØU vil deretter sjekke ut om dei som står på lista framleis er interessert i å få invitasjonar til arrangement i Øyfjell av og til. Elles har me oppfordra hyttefolk til å følge med på heimesida og oppslagstavlene i Øyfjell for å skaffe seg informasjon.</p>
<p>Oppslagstavler: Gjennomføre bygging og plassering av tavlene</p>	<p>6 nye oppslagstavler er etablert på ulike stader i bygdi. I Straumekrysset, som ligg særst sentralt i bygdi, skal kommunen sette opp ei oppslagstavle i samband med sine egne kommunale info-tavler. Dette vil skje sommaren 2010.</p> <p>Tanken med å bygge oppslagstavler har vore å supplere og legge til rette dei eksisterande informasjonspunkta som alt finst i Øyfjell.</p> <p>Det er no laga ei liste over <i>10 informasjonspunkt i Øyfjell</i>; kvar dei står, kven dei dekkjer (m.a. kva hyttefelt, og ca. antal hytter). Denne lista er sendt til lag og organisasjonar og hyttevelforeiningar i Øyfjell. Målet er at dei som har informasjon å formidle, og dei som ynskjer å få informasjon, veit kvar dei skal gå, og kven dei når på dei ulike tavlene. På denne måten håpar me å ha etablert nokre tydelege informasjonskanalar mellom hyttefolk og bygdefolk.</p> <p>Me har også hengt opp ei liste over lokale lag, organisasjonar og hytteforeiningar i Øyfjell, med kontaktinformasjon, på desse oppslagstavlene. Såleis vil den eksisterande lokale strukturen av aktivitetar og møteplassar gjerast synleg og lettare tilgjengeleg for hyttefolk som ynskjer å delta. Og bygdefolk får ei oppdatering på hytteforeiningane og kontaktpersonane der. Denne kontaktinformasjonen skal oppdaterast av Øyfjell Utvikling ein gong i året, etter påske når årsmøta er avholdt.</p>
<p>Merking av turløyper, kart: Prosjektet har inngått samarbeid med Løypelaget i Øyfjell og Trivsel-utmarksgruppa i Øyfjell City om å gjennomføre eit felles merke- og skiltprosjekt med økonomisk støtte frå Vinje kommune. Sende tinging til leverandør i august.</p>	<p>Før vinterferien vart 50 km med langrennsløyper i Øyfjell merka med skilt, og kart i kvart kryss og på sentrale stader i omegn, m.a. på dei nye oppslagstavlene. Tilbakemeldingane er veldig positive, og dette er no det best merka langrennsnettet i kommunen.</p> <p>Det er montert 6 tavlepunkt/stativ som skal innehalde informasjon om kulturminne i Øyfjell. Ein ny tursti er rydda og merka. Ein tursti på Hyllandsheii vert rydda på nytt og merka oppatt til våren. Informasjon om andre aktuelle turløyper i området er også samla i samband med utarbeiding av ei stor felles kart- og informasjonstavle som kjem i tillegg til kulturminnetavlene. Eitt av dei</p>

<p>Utplassering av skilt og merking i september.</p>	<p>3 kulturminna som arbeidsgruppa planla å merke er kutta ut. Grunnen til dette er at arbeidsgruppa ikkje har hatt overskot til å gjera denne jobben som planlagt. Prosjektlear har overteke, og innsåg at ho ikkje hadde kapasitet til å etablere meir enn 2 nye kulturminneløyper. Arbeidet med tilrettelegging av tekst og illustrasjonar som skal på kulturminnetavlene, 4 langs åi pluss dei 2 til hyttefolk arbeidsgruppa, pågår enno. Dette har vist seg å vera ekstremt arbeidskrevjane. Ei lokal stadnamngruppe har gått igjennom alle namna på det store kartet. Statens kartverk er kopla inn for å godkjenne framlegga til endringar. Me tek den tida me treng for å få eit best mogleg resultat. Arbeidsgruppa har no fått ansvaret for framdrifta igjen, medan tidlegare prosjektlear er med på dugnad, på lik linje med dei andre. Dei ferdige tavlene skal skruvast opp på dei allereie monterte stativa når dei er ferdige. Eit knippe skilt til turløypene vert også montert når dei er ferdige.</p>
<p>Helgedugnad langs åi: Samarbeid med TU-gruppa. Gjennomføre haustdugnad som planlagt</p>	<p>Haustdugnaden, så som vårdugnaden, vart diverre avlyst fordi ingen i TU-gruppa hadde ledige helger. Men no veit dei ialfall at dei kan invitere også hyttefolk, dersom dei ynskjer å gjennomføre større dugnadar seinare. Dei nye oppslagstavlene legg jo også til rette for å formidle slik informasjon. Og forhåpentlegvis vil dei nye kulturminnetavlene langs åi auke kunnskapen og interessa for arbeidet som vert gjort langs vassdraget.</p>
<p>Bygdekveldar: Arrangere Slåttefest som i fjor.</p>	<p>Denne festen vart fyrst utsett, og så avlyst. Dette grunna at arbeidsgruppa diverre ikkje har hatt kapasitet til å vera verksame i haust, jmf. skilt/merkeprosjektet.</p>
<p>Kontakt næringsliv-hyttefolk. Kontakte bedrifter i Øyfjell og høyre om dei ynskjer kontakt med dei hyttefolka (2 stk) som har sendt inn cv'n sin.</p>	<p>Dette var planlagt i samband med arbeidet med å samle næringslivet i Øyfjell om ei evt. ny heimeside, men er enno ikkje gjort fordi dette arbeidet, som rapportert i halvårsrapporten, har blitt utsett. Ansvaret og CV'ane er overlevert til Øyfjell Utvikling som tek dette vidare.</p>
<p>Skibuss Oppfordre velforeiningane, løypelaget og Øyfjell Utvikling til å vurdere om dei vil samarbeide om dette til neste år.</p>	<p>Oppfordring er sendt, saman med rapport og erfaringar frå årets tiltak, samt gjensidig kontaktinformasjon.</p>
<p>Møte med velforeiningane i påska. Ha evalueringsmøte og oppsummere responsen frå desse møta, og sjå kva me kan gjere med dette det siste halvåret.</p>	<p>Ikkje gjennomført grunna manglande overskot i arbeidsgruppa. Me håpar denne kontakten med velforeiningane kan vidareførast av Øyfjell Utvikling, i samarbeid med Løypelaget, som alt har god kontakt med dei største velforeiningane.</p>

Anna:

-Informasjon om aktivitetar i Øyfjell vart kontinuerleg sendt ut til hyttefolk e-postlista heilt til prosjektet slutta 31.12.2009.

-Arbeidsgruppa har hatt 4 møter i 2009

-Når det gjeld møteplassar er det gledeleg å melde at eit nytt kunstgalleri med kafé har opna i Straumekrysset (Galleri Straume). Prosjektet har vore behjelpeleg med marknadsføring via nettverket og dei nye heimesidene til Rauland Turist, og utsending av informasjonsbrev til hyttefolk per e-post, i tillegg til dekning på heimesida til Øyfjell.

-Vinje kommune har forskottert 150 000 kroner, som er den summen prosjektet har utestående frå departement og fylke. Me vil søke om utbetaling av desse midla når reiknskapet er ferdig i 2010.

Oppsummering:

Skilt-og merkeprosjektet har teke det meste av prosjektleiaren si tid denne hausten. Hadde me visst kor omfattande eit slikt arbeid er, hadde me nok tenkt oss om 2 gonger før me sette i gang. Me har vore velsigna med ein fantastisk innsats frå Løypelagets representant Olav Førstøyl, og lokalhistorikar Tarjei Førstøyl. Sjølv om det har vore, og framleis er, ein stor og krevjande jobb, er me særst nøgde med resultatet så langt. Både oppslagstavler, ferdige skilt, og komande tavler. Me håpar desse siste og synlege tiltaka vil gjere bygdi betre og meir attraktiv for både bygde- og hyttefolk, og auke kjensla av å bu og ha hytte på ein god stad.

Prosjektlear
Silje Hegg



Nymerka skiløyper i Øyfjell



Måling av nye oppslagstavler